

Vedlegg 4.

## **Forskrift om vern av Ospehaug naturreservat, Fjaler kommune, Vestland**

Fastsett ved kongeleg resolusjon 27. november 2020 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### *§ 1 Føremål*

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som har særleg betydning for biologisk mangfald ved at større delar er lite påverka skog med eit mangfald av ulike natur- og vegetasjonstypar. Området er prega av oseanisk klima.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

### *§ 2 Geografisk avgrensing*

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Fjaler kommune: 107/3.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 574 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet november 2020. Langs Porsemyrvegen og Nordsidevegen går grensa 2 meter frå vegkant. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Fjaler kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### *§ 3 Vernereglar*

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørtlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### *§ 4 Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Beiting.
- b. Sanking av bær og matsopp.
- c. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- e. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f. Forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktgater i samband med storviltjakt.
- g. Utplassering av saltstein.
- h. Merking og rydding av eksisterande stiar.
- i. Ringbarking, felling eller uttak av gran, i tråd med retningslinjer i forvaltningsplan.
- j. Vedlikehald og reparasjon av telefonlinje i området.
- k. Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.
- l. Skånsam rydding av vegetasjon rundt bål plass avmerka på vernekartet.
- m. Lagring av ein båt på sted markert på vernekartet.

### § 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Bruk av sykkel, hest og kjerre, og ridning er forbode.

### § 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

### § 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. Tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- b. Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- c. Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- d. Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- e. Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta.
- f. Riving og fjerning av telefonlinje gjennom området.
- g. Oppføring av båtskjul utan veggjar ved båtopptrekk markert på vernekartet.
- h. Oppsetting av gjerde.
- i. Fjerning av ein gamal kraftleidning som ligg på bakken i naturreservatet.
- j. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnt i § 4 bokstav g, h, i, j og § 7 bokstav a, b, c, g, h og i.

### § 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

### § 9 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### § 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

### § 11 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

### § 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.